



STØRST AV ALT
BORN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA
VOSS

Trusopplæring er viktig fordi dåp og opplæring høyrer saman. Det er foreldre og fadrar, saman med kyrkja, som har dette ansvaret.

Stortinget har vedteke ei trusopplæringsreform (St.meld. 7, 2002/2003) for alle døypte og tilhøyrande born i Den norske Kyrkja. Tilhøyrande tyder at minst ein av foreldra er medlem i kyrkja. Dette inneber ein T-dag kvart år med ulike tema tilpassa alder.

Like naturleg som å bera born til dåpen skal det vera å koma på T-dagar.

 Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no,

www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)

Velkommen


til T-dag

i Evanger Kyrkje

onsdag 22. august kl 17:00



T-dag



Velkomen til T6 til deg som er 6 år i 2018!

SKULESTART!

Endeleg har du fått byrja på skulen. Kanskje var det litt spennande? Eller kanskje det berre var moro?

ONSDAG 22. AUGUST KL. 17:00 - 18:30
er du invitert til EVANGER KYRKJE
for å feira at du har byrja på skulen.

Ta med: Eit kosedyr; ein bamse som du likar å kose/prate med. Ta med deg den og minst ein vaksen til kyrkja denne dagen.

PÅMELDING på SMS til tlf. 995 18 194
(Camilla Velsvik) innan måndag 20. august.

På samlinga vert det både
POFF og PANG,
kaffi og SAFT,
ein bolle og ei OVERRASKING.
Vi skal tenne LYS og få høyre ei FORTELJING
om ein liten mann...

Til foreldra:

Skulestart er ei viktig hending i familien, både for born og vaksne. Vi ynskjer at skuletida skal vera god for borna, at dei skal veksa og trivast. Skulestartmarkering i kyrkja er eit tilbod til alle døypte (og andre som vil vera med) der vi ynskjer å sette fokus på at borna er heilt 1. klasses og at Gud bryr seg om deira kvardag.

Gje beskjed:

- om barnet treng særskild tilrettelegging eller har mjølke-/gluten-/eggallergi
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
- om de **ikkje** ynskjer at bilete av barnet skal brukast til presseomtale, internett eller brosjyre.